

80.000 i pluss for Indremisjonen

27.01.2009



Jon Harald Kjærland og Jan Tvedt i det nye kjøkenet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Indremisjon og Uskedalen Bedehus har halde årsmøte og det framgikk av årsmeldinga at økonomien er god med over 80.000 i pluss.  
Det er takka vera giverglede, god basar og stor dugnadsinnsats ved kjøken- og toalettutbyggjinga som vart ferdig i fjor.**

Formann Jon Harald Kjærland og dei to styremedlemmene Jan Tvedt og Tormod Myklebust som stod på val hadde ikkje fråsagt seg og dei vart attvælt. Det vart også Nelly Kjærland som kontaktperson for innkvartering av forkynnarar og fest- og matkomiteen der medlemmene er Torunn Kjærland, Inger Haugland, Margot Haugland og Sigmund Leite.

Etter forslag frå formannen vart bønnemøta fram til sommaren og som ei prøveordning flytta frå tysdag til onsdag klokka 19.30. Dette er ei laglegare tid for nokre av dei faste på bønnemøta og flyttinga gjeld frå onsdag i denne veka.

Formannen spurte seg også føre om innregistrering av lag i einingsregisteret i Brønnøysund, som banken ber om. Dette er gratis og barnelag og undergrupper kan registrera seg saman med hovedlaget eller enkeltvis. Det vart vedteke at styret skal melde Uskedalen Bedehus/Indremisjon inn i løpet av vinteren eller våren.

I si andakt minna Gunnar Kjærland om det store privilegium og ansvar det er å vera Jesu disippel.  
Kristen tru viser seg alltid i kristent liv og livsførsel.

Gleda er ofte innstengt hos oss. Jesus var saman med, talte til og rettleida læresveinane. Dei vart utadvendte av det, understreka andaktshaldaren.

Av Ola Matti Mathisen